

Olav Andreassen,
Tjølha
Emne nr 28.

Vardl.
Tjølha

Drikk til maten.

1. Bruken av mjølk har avtatt i den seinare tid.
2. Ja, ofte især før.
3. Ein brukar søt eller skumma mjølk, eller saup, bleng, skur.
4. Det er visst lenge sidan ein brukte heimebrygga øl her i bygda.
5. Som unggut hukser eg at dei drakk kaffi til jol og ved gravferd, ellers ikkje noko større. Kanskje når dei fekk framande. Men no er det kaffi mange ganger om dagen.
6. Når eg kom hit i 1922 var kaffi almindeleg drikk til maten.
7. Morgonkaffi, ofte formiddagskaffi, ettermiddagskaffi - og kanskje ein kveldskaffi til slutt....
8. Mest grovmalen kaffi oppi lunkent vann. Om bruken av t.d. klåre=skinn så er det ymse med det. For morskaps skuld "spår" vel sume i kaffigruten, men det er bere på skøy.
9. Ein brukar sukker til kaffien - tablettar, kjøpt ferdig.
10. Ein har mjølk eller fløte opp i kaffien. Egg veit eg ikkje at ein brukar i kaffien.
11. Te brukar ein ikkje så mykje av, men dog til kvar dags. Ein lagar ikkje te av heimlege plantar.
12. Til kvardags brukar ein ikkje brennevin, men ~~xxx~~ ved visse høve. Men mange, især ungdommer, tok seg før ofte ein tår over tørsten om kveldene, især ved julitider.
13. Ja, delvis, især når ein er borte på reiser.

5767

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5787

NORSK ETNOLOGISK ARANSKING